




FJELL KOMMUNE

Planstrategi for Fjell kommune 2016-2019

Vedteken av
Kommunestyret 16.6.2016
sak 76/16

F

**FRAMTID
I FJELL**



Innholdsliste

1. Formålet med kommunal planstrategi.....	2
2. Overordna føringar.....	2
2.1. Nasjonale føringar	2
2.2. Regionale føringar	3
2.3. Lokale føringar.....	3
3. Demografisk utvikling.....	4
3.1. Befolkningsutvikling	4
3.2. Innvandring og busetting av flyktningar.....	6
3.3. Folkehelse.....	6
4. Utfordringar og planbehov.....	6
4.1. Kommunereforma	6
4.2. Klima, miljø og energi.....	7
4.3. Utbyggingsmønster- og stadutvikling.....	8
4.4. Tenesteproduksjon.....	13
4.5. Samferdsle og trafikktryggleik.....	15
4.6. Verdiskaping og næringsutvikling	16
5. Planbehov og gjeldande planar	19
Tabell 1: Prioriterte planoppgåver og planar under arbeid	19
Tabell 2: Utsette planoppgåver.....	20
Tabell 3: Gjeldande planar	21

1. Formålet med kommunal planstrategi

Kommunal planstrategi er eit verktøy som er heimla i § 10-1 i plan- og bygningslova, og er eit sentralt element i plan- og styringssystemet. Planstrategien skal rullerast kvar kommunestyreperiode, og skal vedtakast seinast eitt år etter konstituering.

Kommunal planstrategi erstattar det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen som låg i tidlegare plan- og bygningslov (PBL 1985), og kommunestyret skal no ta stilling til om kommuneplanen heilt eller delvis skal reviderast.

Hovudformålet er å klargjera kva planoppgåver kommunen bør prioritera i valperioden, for å leggja til rette for ei ønskt utvikling i kommunen. Slik sikrar kommunen ei betre og meir behovsstyrt planlegging.

Den kommunale planstrategien er ikkje ein plan. Den er retningsgjevande for kommunen si planlegging, og har ingen direkte rettsverknad for kommunen sine innbyggjarar. Det kan ikkje fremjast motsegn mot kommunal planstrategi.

2. Overordna føringar

2.1. Nasjonale føringar

Nasjonale forventningar

Regjeringa utarbeider Nasjonale forventningar kvart fjerde år. Dokumentet formidlar den nasjonale politikken, og skal fremja berekraftig utvikling. *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging* blei vedtatt ved kongelig resolusjon 12.juni 2015. Gjeldande nasjonale forventningar er i hovudsak knytt til det prosessuelle, og er samla under tre overskrifter: 1) Gode og effektive planprosessar, 2) Berekraftig areal- og samfunnsutvikling, 3) Attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde.

Dei nasjonale forventningane legg vekt på at kommunane skal ha gode og effektive planprosessar, som byggjer på gode kunnskapsgrunnlag. Kommunane skal bruka planstrategiane aktivt til å prioritera planoppgåver, og dei skal ikkje planleggja meir omfattande enn nødvendig.

Kommunal planstrategi og forholdet til kommunereforma

Det kongelege kommunal- og moderniseringsdepartement har sendt ut eit skriv om forholdet mellom kommunal planstrategi og kommunereforma, datert 29.04.2015. Her vert det understreka at det er viktig å sjå planstrategiarbeidet i samanheng med kommunereforma. Det er ikkje krav om at kommunar som gjer vedtak om samanslåing våren 2016 skal utarbeida felles planstrategi no.

Kommunereforma vil føra til vesentleg endra føresetnadar for den kommunale planlegginga, både når det gjeld samfunnsplanlegginga, arealplanlegginga og planlegging av tenestene. Nye, større kommunar vil i ein periode ha eit stort behov for å utarbeida nye planar som er tilpassa dei nye føresetnadane. Ein god, felles prosess ved neste rullering av planstrategien vil vera viktig for å avklara desse behova, og sikra dei riktige prioriteringane.

2.2. Regionale føringar

Fylkeskommunane er regional planmynde. Dei har ansvar for å utarbeida regional planstrategi og regionale planar. Regionale planar skal leggjast til grunn for kommunal planlegging og verksemd.

Hordaland fylkeskommune er i ferd med å revidera regional planstrategi, som skal vedtakast hausten 2016. Planstrategien fastslår kva tema som skal vera gjenstand for regional planlegging i kommande fireårsperiode.

Førebels er det peika på følgjande utfordringar som skal drøftast i sjølve strategiprosessen:

- Relevant kompetanse
- Grønt skifte i næringslivet
- Effektiv og miljøvenleg transport og kommunikasjon
- Eit inkluderande samfunn
- Arealøkonomisering

2.3. Lokale føringar

Kommuneplanen

I følgje plan- og bygningslova § 11-1 skal alle kommunar ha ein samla kommuneplan som omfattar både ein *samfunnsdel med handlingsdel* og ein *arealdel*.

Fjell kommune har aldri utarbeida ein samfunnsdel, men nyttar mellom anna tematiske kommunedelplanar for å avklara satsingsområder og verkemiddelbruk innanfor klart definerte tema eller tenesteområder. Kommunen manglar såleis eit samla plandokument som tek stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon.

Arealdelen til kommuneplanen (KPA) har blitt rullert i kvar av dei tre siste kommunestyreperiodane. Ein manglande samfunnsdel gjer rulleringa av arealdelen meir tidkrevjande, då den må ta opp ein del tema, prinsippavklaringar og strategiske val, som burde vore avklart i samfunnsdelen.

Politiske føringar og prioriteringar

Handlingsprogram for Fjell kommune 2016-2019, vedteken i kommunestyret 17.12.2015, inneheld 73 oppgåver og tiltak som kommunestyret vil gjennomføra i valperioden. Dokumentet synleggjer også 12 politiske mål for perioden. I same kommunestyremøte vart det vedtatt at arbeidet med kommunedelplan for trafikkisikring, kulturminneplan og kommunedelplan for energi, miljø og klima, vert starta opp i 2016. Oppstart av plan for frivilligpolitikk vart utsett til avgjerd om eventuell kommunesamanslåing er gjennomført.

Kommunestyret vedtok KPA 2015-2026 i møte 18.06.2015. Planen ligg med føringar om å følgja opp tre delområde i eigne planprosessar, gjennom krav om overordna planlegging.

Planstrategien er først og fremst ei politisk prioritering av planoppgåver. Handlingsprogrammet med 12 politiske mål, kommunestyret sine vedtak av KPA 2015-2026 og oppstart av tre planar i 2016, er lagt til grunn for strategien.

3. Demografisk utvikling

3.1. Befolkningsutvikling


Innbyggjartalet i Fjell per 1.1.2016 var 24 870. Det var ein vekst på 443 innbyggjarar i løpet av 2015, noko som tilsvarar 1,81% auke frå 2014. Dette er den lågaste årlege befolkningsauka sidan 2010.

Det vart født 312 barn i 2015, og 124 menneske døde. Fjell tok i mot 1601 tilflyttarar, medan 1348 menneskje flytta ut av kommunen. Dette vil seie at heile 5,52% av befolkninga i Fjell flytta ut av kommunen i 2015.

Nettoinnflyttinga var på 253 personar i 2015, ein nedgang frå 2014, då nettoinnflyttinga var 389 personar.

For regionen (kommunane Fjell, Sund og Øygarden) ser folketalsutviklinga slik ut:

Figur 1: Folketalsutvikling 1990-2016 i Fjell, Sund og Øygarden kommunar. Tal pr. 01.01. kvart år




Kjelde: SSB 2016

Framskriving

Figuren under viser framskriven folkemengd i kommunane Fjell, Sund og Øygarden i 2040. Den øvste grafen viser framskriven samla folkemengd i Fjell, Sund og Øygarden i 2040. Fjell vil veksa klart mest dei neste tiåra. Ved ei eventuell kommunesamanslåing vil den nye kommunen verta ein stor og livskraftig kommune i fylkessamanheng.


Figur 2: Framskriven folkemengd 2016-2040, Fjell, Sund, Øygarden kommunar



Kjelde: SSB, 2016. Alternativ høg nasjonal vekst.

Figuren under viser framskriven folkemengd fordelt etter aldersgrupper. Tala i figuren viser kor mange innbyggjarar det er i dei ulike aldersgruppene per 1.1.2016, og kor mange det vil vera i 2040.

Figur 3: Framskriven folkemengd 2016-2040, etter aldersgrupper, Fjell kommune



Kjelde: SSB, 2016. Alternativ høg nasjonal vekst.

Medan gruppa med vaksne i arbeidsfør alder mellom 20 og 66 år vil vekse med 46,57%, vil den samla gruppa med eldre over 66 år vekse med 174%. Gruppa med eldre over 90 år vil aleine ha ein formidabel vekst på 418% fram mot 2040. Den største veksten i denne gruppa vil komma mellom 2030 og 2040.

Aldringa i befolkninga er ei nasjonal trend, men sidan Fjell har ei relativt ung befolkning i dag, vil den største auken i dei eldste befolkningsgruppene komma seinare enn i dei fleste andre kommunar i landet.

3.2. Innvandring og busetting av flyktningar

I 2015 budde 2415 menneske med innvandrarbakgrunn frå 86 ulike nasjonar i Fjell kommune.

I 2015 busette Fjell kommune 62 flyktningar. Av desse var 6 flyktningfamiliar, dei resterande var einslege. Av dei 62 personane var 35 menn, 12 kvinner og 15 barn under 18 år.

Forutan dei 62 personane, har kommunen også busett 14 personar på familiesameining i 2015, og barnevernet har busett 2 einslege mindreårige same år.

3.3. Folkehelse

Folkehelse omfattar befolkninga si helsetilstand og korleis helse fordeler seg i befolkninga, og vert gjerne målt i levestandard, sjukdom, dødstal og subjektiv oppleving av helse.

Den første folkehelseoversikta for Fjell vart ferdigstilt i 2014, og i 2016 kjem revidert folkehelseoversikt for 2015. Oversikta dannar eit viktig kunnskapsgrunnlag for planstrategien, og ligg vedlagt i sin heilskap. Her kjem positive og negative aspekt ved folkehelsa i Fjell, tydeleg fram.

4. Utfordringar og planbehov

4.1. Kommunereforma

Stortinget har vedteke at det skal gjennomførast ei kommunereform. Formålet med reforma er å byggja kommunar som skal vera i stand til å handtera velferdsoppgåvene i framtida på ein best mogleg måte. Regjeringa har varsla endring i oppgåvene for kommunane og forslag til nytt inntektssystem.

I første del av 2016 gjennomfører dei tre kommunane Fjell, Sund og Øygarden forhandlingar med sikte på å leggja fram ein intensjonsavtale om samanslåing. På oppdrag av dei tre kommunane har Telemarksforsking (2016) utarbeidd ein rapport som tek utgangspunkt i tenestene, mynde, samfunnsutvikling og demokrati. Konklusjonen i rapporten er at forholda ligg godt til rette for ei kommunesamanslåing.

Dersom det vert underteikna ein intensjonsavtale mellom dei tre kommunane, vil kommunestyret i dei tre kommunane gjera endeleg vedtak i juni 2016. I løpet av vårsesjonen i 2017 skal Stortinget gjera endeleg vedtak om korleis det nye kommunekartet skal sjå ut. Då vil ein eventuell ny kommune vera ein realitet frå 1. januar 2020.

Utfordringar

Ved ei kommunesamanslåing vil det bli behov for å kopla plansystema i dei tre kommunane saman til eit nytt plan- og styringssystem. Samtidig vil det vera behov for å utarbeida nye planar som gjeld for storkommunen, og fasa ut planar som ikkje vil vera relevante lengre. Dette vil krevja svært mykje ressursar, både politisk og administrativt. Utarbeiding av felles planstrategi og samfunnsdelen til kommuneplanen vil vera eit naturleg første steg i denne prosessen, og kan gå parallelt med arbeidet med å byggja ein ny kommune.

Samfunnsdelen er verktøyet for den heilskaplege planlegginga i kommunen, og for strategisk overordna styring. Gjennom arbeidet med samfunnsdelen skal kommunen vektleggja viktige utfordringar knytt til samfunnsutvikling, og synleggjera dei strategiske vala kommunen tek. Spesielt viktig er dette for sentrale samfunnsforhold som vekst og utvikling, folkehelse, miljø, barn og unge, integrering, samferdsle og næringspolitikk. Kommuneplanen skal vidare synleggjera utfordringar, mål og strategiar for kommunen som tenesteleverandør og organisasjon.

I arbeidet med å sameina tre kommunar til ein ny storkommune er det viktig med ei felles oppfatning av korleis samfunnsutviklinga skal vera i eit langsiktig perspektiv. Gjennom arbeidet med samfunnsdelen får den nye kommunen moglegheit til å fatta kunnskapsbaserte avgjersler om ei felles framtid, og einast om visjonar, mål og strategiar for utvikling av kommunen som samfunn og som organisasjon.

Jamfør lovverket er det slik at den til ei kvar tid gjeldande planar vil gjelda fram til ny plan er vedteken, sjølv om det skulle bli endringar i kommunestrukturen.

Eigarskap, forankring og legitimitet til planar er avgjerande for å lykkast med å lage gode og effektive styringsdokument. At eit nytt kommunestyre i storkommunen skal stilla seg bak nye planar har vore avgjerande for prioritering i planstrategien.

4.2. Klima, miljø og energi

Klimaendringar kan gjera kommunen meir sårbar, då sannsynet for fleire alvorlege hendingar som følge av klimaendringar er stor. På lang sikt må Fjell og Vestlandet venta stigning i temperatur og havnivå, saman med auka nedbør og fleire periodar med ekstremnedbør og påfølgjande utfordringar knytt til flaum- og overvasshandtering (Vestlandsforskningsrapport nr. 10/2014).

Kommunane i region vest, Fjell, Askøy, Sund og Øygarden, har samarbeidd om felles overordna ROS-analyse (KystROS 2014). Dette arbeidet, saman med risiko- og sårbarheitsanalyser i arealplanlegginga, er med på å følgja opp statlege krav til klimatilpassing. KystROS 2014 viser at det er felles utfordringar i desse kommunane, og risikoen er størst for uønskte hendingar knytt til vind, stormflo, flaum- og overvatn.

Kommunen har i samsvar med kommunedelplan (KDP) for energi, klima og miljø 2009-2012, arbeidd aktivt for at nye utbyggingsprosjekt skal ha eit lågast mogleg energiforbruk, og i samarbeid med utbyggarar har kommunen gode prosjekt å visa fram. Eit døme på dette er jordvarmeanlegget knytt til Sartor senter. Lågt energiforbruk og bruk av alternative energikjelder har over fleire år vore standard i kommunale bygg, og egedomsmassen til kommunen held ein høg miljøprofil.

Utfordringar

Tema overvatn har fått auka fokus gjennom KPA 2015-2026, det er stilt krav om at løysingar for vatn, avløp og overvatn skal utarbeidast i reguleringsplanar. Dette har bakgrunn i utfordringar med aukande nedbørmengder og fleire tette flater, som følgje av stor utbygging i kommunen. Ei framtidsretta og berekraftig overvasshandtering treng grøne overflater som kan absorbera vatn. Formåla grønstruktur og landbruk-, natur- og friluftsområder er derfor sentrale ved utbygging. Samordning av ansvar og oppfølging av overvasshandtering kan vera eit tema i KDP for energi, miljø og klima.

Oppdatert statistikk og kunnskap om mellom anna energibruk og klimagassutslepp er vanskeleg tilgjengeleg. Kommunen har søkt skjønnsmidlar for å utarbeida delar av kunnskapsgrunnlaget for revideringa av KDP for energi, miljø og klima, med oppstart i 2016. Det er søkt om midlar til utgreiing av klimagassutslepp, klimaendring- og tilpassing.

4.3. Utbyggingsmønster- og stadutvikling

I Fjell betyr dette utvikling av bustader og bumiljø i heile kommunen, både sentrumsområda, tettstadene og dei mindre grendene. Kapittelet omhandlar både utvikling av dei fysiske stadene med bygningar og teknisk infrastruktur, og den sosiale infrastrukturen som bidrar til kommunen sin identitet og attraktivitet.

Arealdelen til kommuneplanen 2015-2026 (KPA)

Tradisjonelt har kommunen lagt høgare enn forventa prognosar for folkevekst, og arealdisponeringane i arealdelen 2015- 2026 gjer kommunen budd på framleis vekst i talet på innbyggjarar. Planen har god kapasitet på bustad- og næringsformål og legg til rette for bruk av ei attraktiv strandsone. KPA peikar på tema som ikkje er tilstrekkeleg løyst i gjeldande plan, men som kan løysast gjennom framtidige planprosessar eller strategiske drøftingar:

- Tre område med krav om overordna plan
- LNF spreidd
- Gjennomgang av eksisterande arealbruk
- Gjennomgang av gamle reguleringsplanar
- Viktige naturområde i Fjell
- Parkering knytt til friluftsområde
- Kulturminneplan
- Fritidsbustader

Utbyggingsmønster og senterstruktur

Gjennom KPA 2015-2026 har kommunen lagt føringar for eit overordna utbyggingsmønster som har utgangspunkt i målet om å ha aktive grender og samtidig sterke og mangfaldige senter (region- og kommunesenter, lokalsenter, tettstader). Ei tre-delt soneinndeling inneber at kommunen stiller differensierte krav til korleis bustadområda skal utviklast. Intensjonen med dette er at dei sentrumsnære utbyggingsområda får høgare utnytting og ei anna utforming (bygningstypar), enn dei områda som ligg med større avstand til sentrum. Soneinndelinga speglar dei langsiktige

satsingsområda i Skyss sin kollektivstrategi fram til 2030 og i Regional Transportplan 2013-2024, men tek også opp i seg vestsida av Sotra, som er ein lokalt prioritert vegstrekning.


Senterstrukturen i Fjell er tredelt.

1. Kommunesenter Straume, regionfunksjon definert i Regional plan for attraktive senter i Hordaland.
2. Lokalsenter Ågotnes for nordre Fjell. Skogsskiftet har lokalsenterfunksjon for delar av søre Fjell, med potensiale til å utviklast.
3. Mindre tettstader som er bygd opp rundt viktige funksjonar som kultur, skule, idrett, butikk, gjeld mellom anna Fjell, Møvik og Landro.

KDP for bustadutvikling 2013-2020 skisserer behovet for nye bustadeiningar til å vera mellom 6150 og 8350 nye bustadeiningar i Fjell i 2040 (høg nasjonal vekst). Saman med fortetting av eksisterande byggeområde (bustadformål) har kommunen planar for omlag 9000 bustadeiningar. Omlag 6000 av desse er i sentrumsområda, Straume, Bildøy og Ågotnes.

I følgje SSB blei det ferdigstilt 247 bustadeiningar i Fjell kommune i 2015, det årlege gjennomsnittet sidan 2000 har vore 170 einingar.

Figur 4: Fullførte bustader i Fjell kommune, 2000-2015



Kjelde: SSB, 2016

Utfordringar

For at kommunen skal nå dei skisserte prognosane for bustadbehov, bør ferdigstilling av einingar dei komande åra liggja på eit 2015-nivå. Kommunen har ikkje definert nokon fortettingsstrategi eller definert mål som styrer fordelinga av veksten mellom senterområda og dei øvrige delane av

kommunen. Sidan plankapasiteten svarar til prognosane, er utfordringa med å tilfredstille bustadbehovet i stor grad knytt til utbygging. Ein svakhet med ei marknadstyrt utbygging aleine, utan ein klar fortettingsstrategi, er at det blir utfordrande å leggja langsiktige planar for sosial og teknisk infrastruktur. Ein fortettingsstrategi kan gjennomførast i arbeidet med ein samfunnsdel.

Gode bustadmiljø

I følgje folkehelseoversikta i Fjell kommune for 2016, har oppvekstmiljø mykje å seia for folkehelse, levekår og sosiale ulikheiter i helsetilstanden. Lavekår kan sjåast på som tilgjenge til ressursar, og vil i stor grad påverka fordeling av helsetilstanden i befolkninga. Gode oppvekstmiljø heng tett saman med kva kvalitetar som vert lagt til bustadområda.

Dei siste tiåra har det blitt ein stadig aukande konkurranse mellom kommunane, om å skapa attraktivitet og tiltrekkingskraft for busetnad, næringsetablering, reiseliv og utdanningsinstitusjonar. Gode stader med eit positivt nærmiljø og gode oppvekstvilkår er viktige flyttemotiv når folk skal velja bustadkommune. I kommunedelplan for bustadutvikling 2013-2020 er eitt av hovudmåla at kommunen skal leggja til rette for gode bustadmiljø som fremjar trivsel og integrering.

Jamfør Innbyggjar- og flyttemotivundersøkinga for Fjell kommune (Respons Analyse, 2011), er 60 % av innbyggjarane i Fjell innflyttarar til kommunen. Det tek tid å byggja tilhøyrse og identitet til ein stad, og det er viktig at kommunen arbeider aktivt for å ta vare på og byggja opp lokal identitet og samhald, slik at ein skaper eit inkluderande og godt lokalsamfunn. Kulturarven i Fjell er ein viktig ressurs for å skapa og vidareutvikla stadstilhøyrse, identitet og stoltheit.

Utfordringar

I ei tid då veksten i arbeidsplassar er negativ er det viktig at Fjell i endå sterkare grad satsar på å utvikla gode bustad- og oppvekstmiljø, for å ikkje mista sin attraktivitet som tilflyttings- og bustadkommune.

Det ligg eit stort potensiale i å nytta kulturminner i utvikling av nærmiljøa og identitetsbygging i kommunen. Planen for kulturminne, som skal startast opp i 2016, vil kunna bidra til å nytta kulturminner som ressursar i stadutviklinga.

I prosessane som no går føre seg omkring utviklinga av Ågotnes, er innbyggjarane svært viktige aktørar. Erfaringane frå dette medverknadsprosjektet vil kunna ha overføringsverdi til andre stader og andre bustadmiljø i kommunen.

Framtidsutvikling i Fjell kommune handlar også om at eit bysamfunn veks fram. Samfunnsoppdraget vi har i kommunen må utviklast med dette for auga. Kommunen skal vera ein aktiv tilretteleggjar for utvikling av gode by- og stadskvalitetar. Ein skal vurdere kommunen si etablering på Ågotnes og Straume, mellom anna ved å leggja til rette for utvikling av offentlege tilbod og ikkje-kommersielle møteplassar.

Kvaliteten på bustad- og sentrumsområde er avhengig av møteplassar og aktivitetssoner. Kommunen har i den samanheng behov for ein strategi for forvaltning av grøntareal og fellesareal, som viser i kva grad kommunen skal bidra med investeringsmidlar for å gje innbyggjarane tilgang til naturopplevingar, leggja til rette for tilkomst til sjø, fjell og hei i nærleiken av bustadområde. Ein

strategi vil kunna gje føringar for korleis kommunen skal handtera førespurnader om å gjera friluftsområde tilgjengeleg for bruk, i nærleiken av både gamle og nyetablerte bustadområde.

Samordna areal- og transportplanlegging

Kommune- og lokalsenter må ha ein teknisk infrastruktur som legg til rette for god tilgjenge, opne offentlege rom, gode løysingar for V/A (inkludert grønne flater) og renovasjon, og trygge ferdselsårer for alle trafikantar. Samordna areal- og transportplanlegging og auka tilrettelegging for gåande og syklende er viktige innsatsområde både nasjonalt, regionalt og lokalt.

I Fjell har vi vore flinke til å utvikla nye byggeområde, men mindre flinke til å knyta desse byggeområda saman med sosial og teknisk infrastruktur med kvalitet. Ulike delar av kommunen har svært ulike føresetnader for framtidig utvikling. Det vert dyrt og vanskeleg å få til like gode løysingar i alle bustadområde, dersom utbygginga kjem spreidd. Fleire av punkta som KPA peikar på som utfordringar er knytt til spreidd utbygging, eldre arealformål og eldre reguleringsplanar. Dette vil vera viktig i ei framtidig rullering av KPA, noko som vil vera naturleg å gjera i ein felles arealplan for ein ny storkommune.

For å leggja til rette for utvikling av attraktive senter er det ein føresetnad at sentrale funksjonar er lokalisert innanfor gang- og/eller sykkelavstand. Store avstandar vil som oftast føra til at senteret i praksis blir delt og at ein nyttar bil mellom ulike funksjonar. I dag arbeider heile 35 % av dei som bur på Litlesotra, Bildøy og Kolltveit, i same område som dei bur. Det er i desse områda det er tettast mellom bustader, arbeidsplassar, kollektivknutepunkt, barnehagar, skular, fritidstilbod, handel osv. Likevel er det 5500 daglege personbilreiser mellom Straume/Bildøy/Foldnes/Valen/Brattholmen/Hjelteryggen.

Potensialet for at fleire av desse reisene kunne vore gjort til fots eller med sykkel er stor. Prosjektet Byregionsprogrammet (BYR) har fokus på sykkel, bustad og næring, og er eit samarbeidsprosjekt mellom Fjell, Os, Meland og Lindås. BYR tar opp i seg utfordringar knytt til sentrumsutvikling og vidareutvikling av regionsenteret Straume. Dette er eit viktig prosjekt for å definera kva regionsenteret skal vera.

Utfordringar

Straume er definert som eitt av ti regionsenter i Hordaland (Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026). Eit regionsenter er ein tettstad som inneheld senterfunksjonar som handel og tenester for eit definert omland, omlandet er her definert som Sund og Øygarden. Regionsentra skal vera så robuste at dei vil fungera også om kommunegrensene blir endra. Regionsentera har ei viktig rolle i å tilby innhald og funksjonar som ein ikkje kan forventa å finna i alle kommunar.

Regional plan for attraktive senter, krev at kommunane fastset sentrumsutstrekninga. Dette er naturleg å sjå i samanheng med utvikling av sentrumsområda. Ved å definera sentrum, definerer ein samtidig omlandet og randsonene til sentrum. Ei hovudutfordring er derfor å definera kva funksjonar og kvalitetar omlandet har, og skal ha. Vidareutvikling av omlandet til regionsenteret må sjåast i samanheng med utviklingsstrategiar utarbeida gjennom BYR og gjeldande planar for Straume og Bildøy.

Ågotnes er definert som sentrum nr 2, og har parallelle utfordringar knytt til sentrum og omland. Kommunedelplan for Ågotnes og kommunedelplan for ny Fv 561 Sotra nord gir overordna føringar for eit attraktivt lokalsenter, med eit trafikksystem som skal avlasta eit framtidig sentrum med tungtrafikk. Sentrumsstrategien saman med føresegnene gir føringar for funksjonsblanding, gatestruktur, bygningar og grønstruktur. Den viser også viktige gangaksar og behovet for miljøgate i sentrum. Oppfølging av dei overordna planane og vidareutvikling av Ågotnes skjer gjennom private reguleringsplanar. Det er derfor eit ekstra behov for at kommunen koordinerer planprosessane, og tar ei aktiv rolle for å sikra ei heilskapleg utvikling i tråd med mål/delmål i kommunedelplan for Ågotnes. KPU og kommunestyret har slutta seg til eit prosjekt som skal leiast av kommunen, der dialog blant aktørane står i hovudfokus.

Framtidig planbehov

Nordre Litlesotra ligg i KPA 2015-2026 med eit krav om overordna plan.

Bakgrunn: Stort utbyggingspress gjorde at ein landa på eit krav om plan for å vurdere heile nordre Litlesotra i ein eigen planprosess. Det vart derfor ikkje gjort endringar i arealbruken som følgje av KPA.

Konsekvens: Plankravet inneber restriksjonar for bygging i området, men det er ikkje byggeforbod som følgje av plankravet. KPA opnar for bygging i medhald av godkjente reguleringsplanar, og ferdigstilling av pågåande planar. KPA opnar derimot ikkje for oppstart av nye reguleringsplanar eller bygging i uregulerte område. Dette har ført til etterspurnad etter den overordna planen, og så langt er det gitt to dispensasjonar frå plankravet for bygging av bustader i uregulerte område.

Utfordring: Utbyggingspresset på området er stort, men varierer i omfang. Det er grunneigarar som ønskjer mindre endringar av arealbruken, for å til dømes bygge ein enkelt bustad. Det er også interessentar som ser større utviklingspotensiale i området og gjennom innspel til KPA har vist interesse for utbygging av Foldnesmarka. Ein overordna plan vil utløysa eit stort behov for utgreiingar knytt til teknisk infrastruktur som tilførselsveggar og gang- og sykkelveg. Friluftsliv og tilgang til sjø er eit anna sentralt tema som vil krevja utgreiing. Fortettingspotensialet må vurderast i eit sentrum-omland perspektiv.

Alternative løysingar: Dersom konsekvensen av plankravet som kommunestyret vedtok i juni er strengare enn det som var tiltenkt, vil ein mindre revisjon avgrensa til føresegnene for plankravet vera mogleg å gjennomføra på relativt kort tid. På den måten kan kommunen klargjera og eventuelt mjuka opp avgrensingane som ligg i plankravet.

Områderegulering Stovevatnet, Fjell rådhus. Reguleringsplan for Sotrasambandet legg opp til ei detaljregulering av Stovevatnet. Det opnar for ei kopling mellom dagens sentrum og områda Skjenet og Blombakkane, der det i dag er konsentrasjon av offentlege tenester og næring. Vidareutvikling av Straume bør forankrast i ein eventuell storkommune.

Andre delar av Litlesotra har, på lik linje med nordre Litlesotra og Stovevatnet, utfordringar som kan generera eit planbehov, sjølv om områda ikkje ligg inne med plankrav i KPA. Ønskje om bustadbygging er stort både på Ebbesvik, Brattholmen og Valen, og Søre Straume har blitt eit attraktivt næringsområde. Nyare etableringar som til dømes Sotra Arena og Danielsen ungdomsskule

har medført ei anna utnytting av areala, og gir andre trafikale utfordringar enn om det var eit reindyrka næringsområde. Utan ei definert sentrumsutstrekning vil utfordringane med funksjonsblanding i dette området halda fram. Spørsmål om transformasjon av området er også nærliggande og bør tematiserast i ein framtidig overordna plan. Næringsområdet på Knarrevik er på lik linje eit område med uheldig samlokalisering av funksjonar.

Samspelet mellom sentrum og omland er avgjerande for ei god samfunnsutvikling. Derfor bør vidareutvikling av randområda og omlandet til Straume venta til utviklingsstrategiar for regionsenteret gjennom BYR er klare.

Fjell Gard ligg i KPA 2015-2026 med eit krav om overordna plan. Vidare utvikling av området er avhengig av avklaringar på det framtidige hovudvegnettet. Det pågår regulering av Fv 555, og trafikale utfordringar gjennom Fjell sentrum er tema. Kommunen er grunneigar i sentrum, og har moglegheit til å vera med å utvikla Fjell som tettstad.

Funksjonell strandsone (FS) definerer byggegrense mot sjø i heile kommunen, og har bakgrunn i statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning langs sjø. Plan- og bygningslova opnar for at kommunane kan mjuka opp 100-metersbeltet (pbl §1-8) ved å vurdere lokale forhold, og FS er derfor fastsett som byggegrense. Det er nærmare 10 år sidan FS vart teken inn Fjell sin KPA for første gong.

Det er ei utfordring at KPA har mange eldre byggeområde som ligg i FS. Dette skaper forvirring, då det ikkje er eintydig kvar ein opnar for bygging. Det kan vera behov for å sjå på tilgang til strandsona ut i frå nyare utbygging, og det bør gjerast i ei framtidig rullering av KPA. Utfordringane utløyser ikkje eit behov for rullering av KPA no, og må sjåast i samanheng med dei den nasjonale føringane for strandsoneforvaltning. Fjell er plassert i sone 2 «andre områder der presset på arealene er stort».

Omgjering av fritidsbustader til bustad var ikkje tema i rulleringa i 2015. Det er mange som ønskjer omgjering av fritidsbustaden sin til bustad. Det er også ei kjent utfordring at fritidsbustader blir ulovleg bruka som bustad. For å kunna bruksendra frå hytter til bustad er ein avhengig av endra arealbruk, då tekniske krav til bruksending alt ligg i plan- og bygningslova. Det vil derfor ikkje vera mogleg å utarbeida ein kommunedelplan som opnar for bruksending.

Vurdering av kva område som kan endrast til bustad og ikkje, må gjerast gjennom ei rullering av KPA, der fritidsbustader er eitt av hovudtema. Utfordringane utløyser ikkje eit behov for rullering av KPA no.

4.4. Tenesteproduksjon

Fjell har vore ein kommune i stor vekst dei siste tiåra, noko som er positivt med tanke på aktivitet og verdiskaping i kommunen. Samtidig skaper befolkningsveksten, og etterkvart utviklinga i ulike aldersgrupper, utfordringar for kommunen sin økonomi og tenesteproduksjon.

Helse, omsorg og frivillig arbeid

Endringar i befolkningsmansetninga og eit aukande tal eldre i åra som kjem, utfordrar kommunen som tenesteproducent. Dette gjeld særleg innanfor tenesteområda omsorg, sosial og helse. Ei stor omsorgsutfordring vi kan stå ovanfor som følgje av auka levealder og endra aldersmansetting i befolkninga, er at talet på menneske med ulike demenslidningar sannsynlegvis vil auka kraftig. I tillegg

vil aldersbærevna¹ synka, og gapet mellom behov og forventningar på den eine sida, og ressursar og tilbod på den andre sida vil kunna auka. Kommunen må tenkja annleis i utforminga av tenestene til ulike brukargrupper, og i større grad prioritera førebygging, folkehelsearbeid og samarbeid med frivillige og private aktørar. Gjennom arbeidet med å følgja opp rapporten «Sjef i eige liv», skal det leggjast til rette for at folk held seg friske lenger, og kan bu og få hjelp i eigne bustader framfor institusjonar. Moglegheiter for fysisk aktivitet, gode transportordningar, moderne velferdsteknologi, tilrettelagde bustader og fleire bustader nær sentrumsfunksjonar, er viktige satsingsområde.

For å møta dei auka behova knytt til lovpålagde helsetenester, er det vedteke å byggja eit lokalmedisinsk senter (LMS). Det er ei målsetting å setja av inntil 10 mill. kvart år til bygging av LMS. LMS og tenesteleveranse frå frivillige, private og offentlege aktørar via eit døgnoppe Aksjonscenter, vil vera avgjerande for at kommunen også i framtida skal kunna tilby gode og tenlege helse- og omsorgstenester.

Fleire av tenestene samarbeider aktivt med frivillige lag og organisasjonar om innsats i lokalmiljøa, frivillig arbeid retta mot eldre, og andre lågterskeltilbod til ulike grupper. Elevane i ungdomsskulane kan ta valfag i «Innsats for andre», eit fag som aukar kunnskapen om frivillig innsats hjå unge i Fjell. Kommunen har nyleg inngått samarbeidsavtale med Verdighetscenteret i Bergen, eit nasjonalt kompetansesenter for frivillig arbeid særskilt retta mot eldre. Det skal utviklast ein ny modell for frivillig innsats for denne gruppa, med overføringsverdi til andre kommunar.

Utfordringar

Frivillig innsats i Fjell er, og vil fortsetja å vera, viktig i utviklinga av tilbod, aktivitetar og tenester til innbyggjarane. Det er behov for ein frivilligplan eller ei frivilligmelding som utviklar og forsterkar samhandlinga mellom kommunen og frivillig innsats, og som utviklar ein lokal frivilligpolitikk. Det er også mogleg at det vil vera behov for ein eigen demensplan, for å førebu og planleggja for ei auke i menneske med demenslidningar. Oppstart av desse to planane bør venta til kommunesamanslåinga er avklart, slik at ein kan skalera tiltaka i planane riktig, ut i frå befolkningstal og behov for tenesteproduksjon.

Framtida krev også satsing på rekruttering av kompetente medarbeidarar. Det skal utviklast ein ny strategisk rekrutteringspolitikk for Fjell kommune, og eit politisk mål i valperioden er å: *«sikra god rekruttering og god kompetanse, ved å leggja til rette for fleire heiltidsstillingar og auke grunnbemanninga, i første omgang innan omsorgssektoren.»*

Trygg, inkluderande og mangfaldig kommune

Det er eit viktig mål å sikra trygge og gode oppvekstvilkår for barn og unge, der kunnskap, kultur og utvikling står sentralt. Barnehagane og skulene i Fjell held samla sett eit godt nivå, og kultur- og idrettsfeltet er viktige bidragsytarar i å gi barn og unge ein god og aktiv oppvekst.

Fjell kommune har eit rikt kultur- og idrettsliv, med eit mangfald av organisasjonar, lag, foreiningar, tilbod og arrangement. Dette legg til rette for mange kulturelle møtestader, opplevingar og sosiale

¹ Aldersbærevna: Aldersbærevna viser forholdet mellom den yrkesaktive befolkninga og den eldre delen av befolkninga, og er av vesentleg interesse for finansiering av pensjonar, velferdstilbod og helse-, omsorgs- og sosialtenester. (Helse og omsorgsdepartementet 2008-2009).

nettverk. I Kystbyen har nye kulturtilbod blitt etablert, som kino, VilVite-senter, restaurantar og anna. Tilboda i kultur- og idrettsfeltet er aukande, og aktørane har ein stadig større grad av profesjonalitet. Dette er positive trekk som kommunen er med på å leggja til rette for.

Fjell kommune har full barnehagedekning, og i skulane er det eit relativt lågt tal elevar per lærar, særleg på grunn av desentralisert skulestruktur og språkdelling. Det vil vera god elevdekning framover, og delvis overkapasitet på enkelte skular.

Utdanningsnivået i befolkninga er relativt lavt, og fråfall i vidaregåande skule er høgt. Her er det vesentleg å starta arbeidet tidleg nok, allereie i førskulealder, og samtidig byggja opp dei som allereie har falt utanfor. Fjell har ein målretta innsats for å forsterka samanhengen i opplæringa frå barnehage til yrkesliv, for å betra læringsutbytte og motverka fråfallet i utdanningsløpet.

Kommunen deltek også i ei større satsing i regi av Fylkesmannen som handlar om å nedkjempa barnefattigdom. Satsinga starta opp i 2015 og vil gå over fem år.

Flyktnings situasjonen i verda har endra seg til det verre det siste året, og Fjell har den siste tida auka busettinga av flyktingar. I følge UDI er tala på asylsøkarar svært usikre framover, og kommunen må ta høgde for at talet held seg på eit høgt nivå i åra framover. Kommunen busette 62 flyktingar i 2015, og har vedtatt å busetta 53 i 2016. Av desse vil 15 vera einslege, mindreårige flyktingar. Dette betyr at kommunen får nye medmennesker som treng bustad, skulegang, helsetenester og arbeid.

Utfordringar

Eit av dei politiske måla i valperioden er å «*Vidareutvikla gode løysingar for busetting, integrering og sysselsetting av flyktingar i fjellsamfunnet*». I dette ligg det at Fjell skal vera ein god og inkluderande kommune for flyktingar og innvandrarakar, og alle tenestestadene i kommunen arbeider tett og godt for å få dette til. Det er vanskeleg å seie noko sikkert om talet på asylsøkarar i åra som kjem. Det er mogleg at det vil oppstå eit behov for ei flyktningsmelding eller liknande, som koordinerer innsatsen og blir retningsgjevande for flyktningsarbeidet i kommunen.

Fylkesmannen ønskjer at det skal utarbeidast ein handlingsplan mot barnefattigdom, i regi av barnefattigdomsprosjektet som Fjell deltek i. Prosjektgruppa arbeider no med ein rapport, som skal til politisk behandling i løpet av 2016. Det er eit mål å forankra prosjektet betre politisk, til dømes gjennom å oppretta eit politisk barnefattigdomsutval. Ein må difor komma tilbake til om og eventuelt når ein slik handlingsplan skal utarbeidast.

4.5. Samferdsle og trafikktryggleik

Fjell har utfordringar med trafikkavvikling i rushtidene, særskilt på Rv 555 frå og mot Bergen. Sidan Sotra/Øygarden og Bergen har felles bustad- og arbeidsmarknad, er det stor transportaktivitet begge vegar. Å sikra gjennomføring av nytt Sotrasamband og vegsambanda Sotra nord og Sotra sør, i tillegg til utbetring av vegstrekket mellom Møvik og Eide, er dette uttalte politiske målsetnader i valperioden.

Kommunedelplan for trafiksikring 2013-2016/2020 skal no rullerast, og ny plan skal vedtakast hausten 2016. På bakgrunn av at kommunestyret vedtok ein sykkelstrategi for Fjell kommune i 2015, vil sykkel (gang- og sykkelveggar, sykkelopplæring, tiltak for å auka sykkelandelen etc.), bli vektlagt i rulleringa av trafiksikringsplanen. Det er mellom anna behov for ei oversikt over kvar det er og kvar

det manglar samanhengande gang- og sykkelveggar i kommunen. Ei slik oversikt vil bli utarbeida og lagt ved trafikksikringsplanen. Fjell er medarrangør av Sykkel-VM i 2017, og dette arrangementet kan vera ei god drivkraft i eit systematisk arbeid for å auka sykkelandelen i kommunen.

Utfordringar

Realisering av nytt Sotrasamband er ei føresetnad for vidareutvikling av regionen. Sambandet opnar for framhald i vekst og verdiskaping, og trygging av arbeidsplassar og kompetanse. Det er mange uhell og ulukker på Rv 555, og beredskapssituasjonen i rushtidene er svært dårleg.

Bompengesatsen og plassering av bompengestasjonane er ikkje avklart enno, men dette vil ha stor betydning for framtidig arbeidsmarknadsintegrasjon, rekruttering av arbeidskraft og Fjell sin attraktivitet som bustadkommune.

Kommunedelplan for trafikksikring 2013-2016/2020 slår fast at standarden på vegane i kommunen er gjennomgåande låg. Vegnettet er ikkje tilpassa dagens trafikkbelastning, og gang- og sykkelvegnettet er dårleg utbygd i store delar av kommunen. Gjennom revisjon av trafikksikringsplanen vil tryggingstiltak på vegnettet prioriterast for dei neste fire åra, men midlane er knappe. Dei økonomiske rammene for trafikksikringsplanen var 31 millionar kroner i planperioden 2013-2016, medan behovet var minst ein halv milliard kroner.

Kollektivtilbodet i Fjell kommune er bygd på Skyss sin kollektivstrategi med tre prioriterte kollektivaksar (Straume-Ågotnes, Straume-Skogsskiftet, Straume-Anglevik). Tilbakemeldingar frå mellom anna Ungdommens kommunestyre er at det er :

- God dekning frå Straume til Bergen sentrum
- For dårleg dekning frå Bergen sentrum til Fjell kommune
- For dårleg dekning utanom dei tre prioriterte kollektivaksane

Sjølv om dette ikkje utløyer eit planbehov, vil det vera viktig å arbeida både politisk og administrativt opp mot Skyss, for å få styrkja kollektivtilbodet i regionen.

4.6. Verdiskaping og næringsutvikling

Globale trendar påverkar Fjell både direkte og indirekte, og har kraft til å forma framtida. I dagens globaliserte verd vil utviklinga på det lokale plan bli påverka av internasjonale økonomiske og politiske trendar. Global økonomi påverkar veksten, migrasjonen og handelen med varer og tenester. Olje og gass er den største bransjen i Fjell. Bransjen har betydelege utfordringar som følgje av fallande oljeprisar og høge kostnader, og dette slår blant anna ut i redusert aktivitet og nedbemanning. Konsekvensane kan vera større arbeidsledigheit og svekking av inntektene til kommunen.

Status i arbeidsmarknaden

Omlag halvparten av dei sysselsette i kommunen arbeider i verksemdar knytt opp til olje- og gassnæringa. Det er særleg i denne bransjen verksemdene har måtta redusera talet på tilsette den siste tida. Som følgje av flyttinga av Statoil si forsyningsteneste til den norske sokkelen frå Ågotnes til

Mongstad, har Coast Center Base måtta redusera si verksemd i 2015 med 120 tilsette. I tillegg har FMC, Aker Subsea og andre leverandørbedrifter måtta redusera med 500-600 arbeidsplassar i 2015.

Den historisk høge veksten vil nok ikkje fortsetja som følgje av konjunkturedringane vi no opplev, men mange av verksemdene som er etablerte i Fjell er kunnskapsintensive, og arbeider opp mot eit fagområde som nok vil vera relativt sterkt på mellom-lang sikt.

Nedgang i olje- og gassnæringa vil også kunna gje ringverknadar for andre næringar, som t.d. næringseigedom, transport, overnatting og handel. Fram til no har ikkje resten av næringslivet i Fjell merka dei største endringane. Blant anna kan Sartor Storsenter visa til ei auke i omsetninga på 8% for 2015. Havbruk og fiskeri, reiseliv, IT/offentleg sektor, bygg og anlegg er andre næringar som framleis går godt i Fjell.

Tal arbeidsledige

Folkehelseoversikta viser til ei tydeleg auke i talet på arbeidsledige i Fjell. I februar 2016 var det 549 heilt arbeidsledige, noko som utgjer 4,2% av arbeidsstyrka, og er ei auke på 54% frå 2015.

Arbeidsledighet er dramatiske for dei som misser arbeidsplassen sin og familiene deira, og gjev store økonomiske, sosiale og personlege konsekvensar. Auka arbeidsløyse fører også med seg redusert kjøpekraft, noko som igjen påverkar forbruk og økonomien generelt.

I ei tid med høgare arbeidsløyse kan vi risikera innstramingar for dei som framleis har arbeid. Tilsette både i offentleg og privat sektor kan framover oppleva stopp i lønsauke, lønsfrys over ein gitt periode eller at arbeidsgjevar startar forhandlingar om lønsreduksjonar.


Utdanningsnivået for dei som mister arbeid i olje- og gassnæringa er høgt, og mange får nye jobbar i bedrifter utanfor kommunen, eller vert omplasserte nasjonalt og internasjonalt. Dermed forsvinn mykje av den viktige kompetansen frå Fjell.

Bedriftsetableringar

I 2015 vart det etablert 95 nye føretak i Fjell, og figuren under viser at det har vore jamn vekst i talet på verksemdar frå 2008 til 2015.

I Fjell finst eit stort potensiale for å vidareutvikla natur,- kultur- og opplevingsbasert reiseliv, både for innbyggjarane og tilreisande. Utfordringa til kommunen er å planlegga for ei satsing innan denne næringa, samtidig som dei dei ambisiøse næringsklyngene vert vidareutvikla. Hav og kystlandskap byr på eit stort og variert opplevingstilbod, men opnar også opp for bruk av lokale råvarer. Restauranten Cornelius og Strilalam er to av fleire bedrifter som utnyttar lokale ressursar og kystkultur som utgangspunkt for sine produktidear.

Figur 5: Etablering av verksemder i Fjell kommune, 2008 til 2015



Kjelde: SSB

Utfordringar

Kommunen kan i liten grad setja i gang tiltak eller planar for å løysa dei utfordringane som næringslivet i Fjell står ovanfor no, og i nær framtid. Kommunen kan derimot leggja til rette for vekst og utvikling ved å gje gode rammer for næringslivet. Langsiktig tilrettelegging av infrastruktur og tilgjenge til gode næringsareal på land og i sjø, eit godt transportsystem og elles god infrastruktur, er avgjerande for næringsutvikling. Kommunen arbeider med to planar for arealutvikling:

- Interkommunal næringsarealplan
- Områderegulering Eide

For å setja næringsutvikling på den politiske agendaen i Fjell er temaet teke med som eitt av dei tolv politisk prioriterte måla for perioden 2016-2019:

«Vidareutvikla samarbeidet med næringsaktørar, skapa tryggleik for eksisterande arbeidsplassar og leggja til rette for nye etableringar. Arbeida for at det skapast fleire lærlingplassar i kommunen og næringslivet. Ved nye offentlege kontraktar skal bedrifter som har lærlingar føretrekkjast.»

For at kommunen skal ha ein best mogleg næringspolitikk, med fokus på å styrkja eksisterande næringar og bidra til omstilling og nytenking, er det viktig at kommunen har god dialog med næringslivet. For å sikra ein god dialog er det etablert eit kontaktutval med representantar frå den politiske leiinga og næringslivsorganisasjonar i kommunen. Utvalet skal vera ein møttestad der representantar frå næringslivet kan ta del i aktuelle saker som kommunen allereie arbeider med, eller bør arbeida med. Målet er å sikra god og direkte informasjonsflyt mellom den politiske leiinga i kommunen og aktørane i næringslivet. Kontaktutvalet skal også oppretta ei referansegruppe med representantar frå bedrifter i Fjell og knyta til seg fagpersonar og fagmiljø etter behov.

5. Planbehov og gjeldande planar

Tabell 1: Prioriterte planoppgåver og planar under arbeid

Type plan	Kommentar	Tilrådd oppstart
Kommuneplanar		
Samfunnsdelen til kommuneplanen		Vedtak i KS-sak 76/16: <i>Når status for kommunesamanslåing er avklart, oppfordrar kommunestyret at fellesnemnda startar opp med samfunnsdel for den nye kommunen.</i>
Kommunedelplanar, samfunn og organisasjon		
Kommunedelplan for energi, miljø og klima	Vedtak i KS 17/12/2015	2016
Kommunedelplan for trafikkisikring	Vedtak i KS 17/12/2015	Pågår
Temaplanar		
Plan for kulturminne	Vedtak i KS 17/12/2015	2016
Temaplan for avfall Fjell og Øygarden 2016-2025		Pågår
Andre planar og strategiar		
Ungdomsstrategi		Vedtak i KS-sak 76/16: <i>Arbeidet med å utarbeide ein «ungdomsstrategi» vert sendt over til komité for drift og forvaltning til oppfølging.</i>
Kommunedelplan areal		
Kommunedelplan for nordre Litlesotra		Vedtak i KS-sak 76/16: <i>Arbeidet med å utarbeid kommunedelplan for Nordre Litlesotra startar opp i 2016</i>
Områdereguleringsplanar		
Områderegulering Brannalsosen		Pågår
Områderegulering Bildetangen		Pågår
Områderegulering Straumsosen		Pågår
Områdereguleringsplan for nytt Sotrasamband Rv 555 Kolltveit – Bergen kommunegrense		Pågår
Reguleringsplanar		
Reguleringsplan for Fv 555 Kolltveit – Sund grense		Pågår
Reguleringsplan for Fv 561		Pågår

Kolltveit – Ågotnes		
Reguleringsplanar for lokalvegssystem Kolltveit – Knarrvika		Pågår
Detaljplan for utbetring av Fv 209 Arefjordvegen: Svingen – Rv 555 Knarrevika	Kommunedelplan for trafikksikring 2013-2016/2020 prioriterer utbetring av Arefjordvegen. Kommunen er i dialog med Statens vegvesen om utbetringa.	2016/2017
Interkommunale planar		
Interkommunal plan for Skogsskiftet og Trengereid	Vedteke interkommunalt plansamarbeid i KS 25/2/2016	Avhengig av prioritering i Sund
Interkommunal næringsarealplan for Fjell, Sund, Askøy og Øygarden		Pågår

Tabell 2: Utsette planoppgåver

Type plan	Kommentar	Tilrådd oppstart
Kommuneplanar		
Arealdelen til kommuneplanen (KPA)	<ul style="list-style-type: none"> Funksjonell strandsone Fritidsbustader 	Ikkje tilrådd
Områdereguleringsplanar		
Områderegulering Fjell sentrum	Må venta til detaljregulering av Fv 555 er vedteken.	Ikkje tilrådd
Områderegulering Vindeneskvarven	Må venta på tiltak av nasjonal storleik	Ikkje tilrådd
Områderegulering Stovevatnet og tilgrensande areal	Venta på avgjersle om kommunesamanslåing. Vidareutvikling av Straume må forankrast i ein eventuell storkommune.	Ikkje tilrådd
Temaplanar		
Flyktningsmelding	Avventar kommunesamanslåinga	Ikkje tilrådd
Demensplan	Avventar kommunesamanslåinga	Ikkje tilrådd
Handlingsplan mot barnefattigdom	Avventar kommunesamanslåinga	Ikkje tilrådd
Strategi for forvaltning av grønt areal og fellesareal		Ikkje tilrådd
Plan for frivilligpolitikk	Avventar kommunesamanslåinga	Ikkje tilrådd
Plan for samanhengande sykkelvegnett i heile kommunen	Blir teken i vare gjennom deltaking i BYR-programmet og KDP for trafikksikring. Det treng derfor ikkje setjast i gang ein eigen plan.	Ikkje tilrådd

Tabell 3: Gjeldande planar

Plan	Status	Merknad
Kommuneplanar		
Kommuneplanen sin arealdel 2015 - 2026	Vedteken 18.6.2015	
Handlingsprogram med planstrategi, årsbudsjett og økonomiplan.		Årleg rullering
Interkommunale planar		
Strategisk landbruksplan for kommunane Fjell, Sund og Øygarden 2004-2008	Vedteken 17.02.2005.	Temaplan
Kommunedelplan for avfall for Region Vest 1996 - 2000		
Heilskapleg ROS-analyse for Region Vest – KystROS 2014	Vedteken 19.06.2014	
Kommunedelplanar, areal		
Kommunedelplan for Straumeområdet 2005 - 2018	Vedteken 30.03.2006.	
Kommunedelplan for Ågotnes 2013 - 2024	Vedteken 26.09.2013	
Kommunedelplan for Bildøyna / Sotra Kystby 2013 - 2024	Vedteken 26.09.2013	
Kommunedelplan Sotrasambandet Rv 555, fastlandssambandet Kolltveit - Storavatnet, parsell Kolltveit – Bergen grense	Vedteken 21.06.2012.	
Kommunedelplan Fv 555 Kolltveit-Austefjorden "Sotra sør" (2009)	Vedteken 26.11.2009.	
Kommunedelplan Fv 561 Kolltveit-Ågotnes "Sotra nord" (2009)	Vedteken 26.11.2009.	
Kommunedelplanar, samfunn og organisasjon		
Strategisk næringsplan for Fjell 2004-2007	Vedteken 17.06.2004.	
Kommunedelplan for psykisk helse 2006-2009	Vedteken 16.02.2006.	
Kommunedelplan for ungdom 2006 - 2007	Vedteken 15.03.2006.	
Kommunedelplan for kultur 2007 - 2010	Vedteken 26.04.2007.	
Kommunedelplan for informasjon og kommunikasjon 2007 - 2010	Vedteken 21.06.2007	
Kommunedelplan for helse-, sosial- og omsorg, med bustadsosialt handlingsprogram 2008 - 2011/2016.	Vedteken 31.01.2008.	
Kommunedelplan for energi, miljø og klima 2009 - 2012	Vedteken 28.05.2009.	
Kommunedelplan for vassforsyning og avlaup/vassmiljø 2011 - 2022	Vedteken 01.09.2011.	

Kommunedelplan for skule og utdanning 2011 - 2014	Vedteken 14.04.2011	
Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2011 - 2018	Vedteken 26.01.2012.	
Kommunedelplan for trafikksikring 2013 - 2016/2020	Vedteken 21.02.2013	
KDP for bustadutvikling 2013-2020	Vedteken 20.02.2014	
Andre planar		
Smittevernplan	Vedteken 20.09.2001	Fagplan utan planstatus. Revidert i 2012, men ikkje politisk handsama. I brev frå Fylkesmannen (vårt saksnr. 07/3532-3) vert det slått fast at smittevernplanen er ein tematisk delplan til kommuneplanen sin samfunnsdel. Ved neste revisjon må difor smittevernplanen følgja prosesskrava i plan- og bygningsloven.
Krise- og beredskapsplan	Vedteken 24.04.2008	
Plan for helsemessig og sosial beredskap		Plan for helsemessig og sosial beredskap er ein delplan av Krise og beredskapsplan for Fjell kommune.
Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse - KommuneROS 2014	Vedteken 19.06.2014	
Plan for informasjonstryggleik 2012 - 2016	Administrativt godkjent 05.06.2012	Orienteringssak i KFF, handsama i AMU, godkjent av rådmannen.
IKT-strategi for Fjell kommune 2014-2017		
Tiltaksplan mot rus 2002-2005		Fagplan
Handlingsplan for rusomsorg 2015-2020	Vedteken 18.06.2015	
Plan psykisk helse 2006-2009	Vedteken 16.02.2006	
Plan for helsetenester for flyktningar og asylsøkjjarar i Fjell kommune	Utarbeida i 2010	Fagplan
Plan for skulehelsetenesta i Fjell	Utarbeida i 2010	Fagplan
Sykelstrategi for Fjell kommune 2015-2018	Vedteken 03.09.2015	